



14-åringane frå Rosendal gjer det skarpt i Norway Cup. (Nettsida til Rosendal Turnlag)

**Jenter 14-laget frå Rosendal gjer det framleis godt i Norway Cup. Dei kvalifiserte seg i morgontimane i dag (torsdag) til kvartfinalen ved å sigrå 3-1 i åttendedelsfinalen mot Herd.**

Ved pause var stillinga 1-0 til kvinnheringane. Herd kvitterte like etter pause, men Rosendal kom sterkt attende og vann altså med sikker margin.

Måla vart scora av Gabriella Borgen, Amalie Hanstveit og Inga Teigland Øye.

Dermed er dei i kvartfinale i A-sluttspellet, mot Endorf SV, som blir spela klokka 16.40 torsdag ettermiddag.

Jenter 13 med fire frå Uskedalen på laget skal møte Falkeid torsdag klokka 12.50 til kvartfinale i B-sluttspellet.